

VEDTEKTER FOR SAMARBEIDSUTVALET I BARNEHAGANE I SELJORD

FORELDRERÅDET

Alle foreldre som har barn i barnehagen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal jobbe for å skape godt samhold mellom heimen og barnehagen, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna. Foreldreråd er lovpålagt. Det er foreldrerådet som vel representantar til SU.

SAMARBEIDSUTVALET

skal være et rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet er lovpålagt. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

(§4 i barnehageloven)

VAL OG KONSTITUERING

Val av nytt SU skjer på foreldremøtet ved oppstart av nytt barnehageår.

SU konstituerer seg på det fyrste møtet og vel leiar, nestleiar og sekretær. Oppgåver: lage og sende ut sakliste, møteleiing, og skrive referat og gjere det kjent for foreldra.

ANSVAR

Su leiars oppgåve:

1. Å vere eit bindeledd mellom barnehagen og foreldra
2. Saker til SU meldast skriftlig til foredrerepresentanten
3. Halde jamleg kontakt med styrar

Styrar si oppgåve:

Styrar deltek på SU møta og har ansvar for å legge fram viktige saker for SU. Styrar si rolle vert avklart på fyrste SU møte på hausten.

Til det beste for barna

MØTE

SU har minimum 3 møte i løpet av barnehageåret. Ein lagar møteplan og fordeler oppgåvene i eit årshjul på fyrste SU møte etter barnehageoppstart på hausten.

Dersom foreldrene/barnehagen ser at det er behov for fleire møte har begge partar anledning til å kalle inn til dette. Ønske om foreldrerådsmøte vurderast fortløpande. Det er berre foreldrerådet som kan samtykke til foreldrebetaling utover makspris (§20 i barnehageloven).

TEIEPLIKT

Forvaltningslova §13a til 13f om teieplikt, gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av barnehagens rådsorgan.



Seljord barnehage avd. Tussejuv (øvt)
Seljord barnehage avd. Heddeli (midten)
Flatdal oppvekstsenter barnehage (nedst)

Kontakt oss

Seljord barnehage v/styrar Heidi Haugerud

Tlf: 911 20 162

e-post: heidi.haugerud@

seljord.kommune.no

Flatdal oppvekstsenter barnehage v/ styrar Nina Bakkåker

Tlf: 950 68 142

e-post: nina.merete.bakkaaker@

seljord.kommune.no

OPPGÅVER

- Jobbe for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage
- Fastsetje barnehagens årsplan
- Arrangere temakvelder, og møte der ein reflekterer/diskuterer aktuelle barnehage-saker
- Styrar skal orientere SU om barnehagens drift/økonomi.

Andre aktuelle saker kan vere verdier, psykososialt miljø, driftsendringar, sikkerheit og arealutnytting, bemanning, kvalitet i barnehagen, brukarundersøkingar m.m.

Nokon gonger kan det være vanskeleg å veta om ei sak høyrer heime i foreldrerådet/SU.

Ein tommelfingerregel kan være at dersom saka berre gjeld ditt barn, kan du ta det opp med ped.leiar/styrar. Dersom saka kan tenkast å gjelde fleire barn/foreldre eller er av meir prinsipiell karakter, kan den takast opp i foreldrerådet/SU.

Foreldra skal få informasjon frå barnehagen om aktuelle saker. Det er nyttig å sette desse sakene inn i årshjulet på hausten slik at SU jobbar godt og systematisk.

KONFLIKTAR

SU skal være eit samlande utval med fokus på det beste for alle barn i barnehagen. Det er viktig at det er høgde for ueinigheit og diskusjon i SU. Dersom det oppstår konflikhtar, må representantane halde seg saklege og ha alle barn i sentrum. Konflikhtar løysast på lågast mogleg nivå. Ved konflikhtar vert kommunalsjef for oppvekst kontakta, ansvar leiar av SU.

ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Vedtektene vert gjennomgått ein gong i året. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftleg til SU. Vedtektene vert teke opp og stemt over på møte i foreldrerådet i august.

SAKSGANG

Foreldreråd > Samarbeidsutval > eigar og administrasjon / politisk styre

LOVERKET

Samarbeidet mellom heim og barnehage er nedfelt i barnehageloven:

§ 1: FORMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

§ 4: FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVALG

For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

